

Kjære elev – viktig informasjon til deg og dine foreldre/føresette!

DU ER HJARTELEG VELKOMMEN SOM ELEV VED TRYGGHEIM SKULAR!

1. SKOLESTART

Skoleåret tek til laurdag 20. august for alle elevane i Vg1. Dette er ein obligatorisk skoledag frå klokka 1700-1945.

Programmet blir i år slik:

Kl. 16.00 Infomøte for internatelevar og foreldre/føresette til internatelevane i møtesalen

Kl. 17.00 Samling for alle Vg1-elevar og foreldre/føresette i møtesalen. Det blir ein del felles info. Så går elevane ut klassevis, og har samling med klassen og kontaktlæraren sin. Når elevane har gått ut, blir det gitt ein del informasjon til foreldre/føresette. Etter det er det matserving i kantina/matsal, først til foreldre/føresette, så til elevane.

Kl. 18.30 Klassevise foreldremøte i heimerommet til klassen. Kort info og «bli kjent»

Kl. 19.00-19.45 Opningsfest i møtesalen for alle Vg1-elevar og foreldre/føresette.

Kl. 20.00 og utover: Sosiale aktivitetar og bli kjent opplegg i regi av miljøarbeidarane. Vi oppfordrar alle elever til å bli igjen og bli kjent!

Vi er klare og gler oss til eit nytt, flott Tryggheim-år!

Vg2 og Vg3 har første skoledag måndag 22. august med oppmøte i møtesalen kl. 9.00 for Vg2 og kl. 10.00 for Vg3. Vg2- og Vg3-elevane som skal bu i internatet flyttar inn søndag.

Vg1 startar i heimeromma denne måndagen kl. 08.10.

NB! Internatelevane på Vg1 bør koma så tidleg at dei kan få installert seg på romma før kl. 16.

NB! Det blir utdeling av PC i gymsalen laurdag 20. august frå klokka 13 og utover

2. VIKTIGE DATOAR (sjå skolerute på nettsida)

- Foreldredagen dette året blir i kombinasjon med temadag/russebasar laurdag 5. november (obligatorisk skoledag). Denne dagen blir det høve til samtalar med lærarane og andre i personalet. Foreldre/føresette og slektningar av elevane er velkomne!
- Haustferien blir i veke 41 (10.-14.10).
- Vinterferien i veke 9 (27.02.-03.03.).
- Siste skoledag før jul blir onsdag 21. desember (halv dag), og første skoledag etter nyttår blir tysdag 3. januar.
- Siste skoledag før påske blir fredag 31. mars, og første skoledag etter påske blir onsdag 12. april.

3. UTSTYR GENERELT

Alle elevane må ha med seg utstyr til kroppsøvingstimane (treningsklede og sko). Elevar på nokre av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma må ha med ekstra klede og utstyr. De får òg opplysningar om dette på skolen. I høve til PC/Mac har IKT sendt ut informasjon om dette på e-post (ca. 20. mai til elev og foreldre/føresette).

4. SKOLEBØKER

Fritt skolemateriell gjeld alle elevar som skal gå i vidaregåande opplæring. Bøker og skolemateriell får de altså låne på skolen. Bøker som ikkje blir levert tilbake, må eleven sjølv erstatte.

5. ANDAKTAR – MØTE

Tryggheim er ein kristen skole. Skoledagane tek til med andakt i 1. time, - til vanleg i klasserommet. Måndagar er det fellesandakt i møtesalen. Det er møteplikt til andaktar og fellessamvær i skoletida. Elles er det møte og andre samvær på kveldstid. Desse er opne for alle elevane, også for heimebuarar. Vi ønskjer at mange vil ta del i møta og dei ulike miljøtilboda på skolen, men dette er sjølvstilt frivillig.

6. REGLEMENT

Det er viktig for alle som skal arbeide saman på Tryggheim – elevar, lærarar og andre tilsette, at vi har klare og greie reglar for fellesskapen. Desse reglane skal hjelpe oss til å ta omsyn til andre, lette arbeidssituasjonen og leggje grunn for eit positivt og aktivt ungdomsmiljø. Lenkje til reglement for skole og internat, er sendt med i opptaksbrevet. Oppdatert reglement finn du òg i Elevhandboka på Tryggheims heimeside.

7. TELEFON

Hovudnummeret til skolen er **51 79 80 00** i kontortida (0800-1500). Sjå elles nettsida vår og nummera til dei tilsette.

Etter kl. 1500 gjeld mobilnummera: **906 93 732 til hovudtilsyn** og **416 00 937 til kveldstilsyn**

8. SKOLE- OG OPPHALDSPENGAR – ØKONOMISKE KOSTNADER

Informasjon om betalingsplanar, depositum, faktura, prisar og anna informasjon som gjeld økonomi, finn du på skolen si nettside: <http://vgs.tryggheim.no> under menypunktta Informasjon/Økonomi.

NB! Når du betaler, skal du bruke faktura/giro som du får utdelt/tilsendt. Den er merka med KID-nummer.

Det blir tilbud om avtalegiro eller E-faktura. Faktura som ikkje blir sendt som e-faktura sendast på e-post til føresett 1. Ending av fakturamottakar/e-post kan meldast til økonomiavdelinga: regnskap@tryggheim.no

9. STIPEND – LÅN

Alle elevane bør søkje stipend og lån i Statens Lånekasse for utdanning. Alle som søker får minimum utstyrsstipend. Du gjer slik:

- Gå til www.lanekassen.no og finn «Dine sider.»
- Bruk MinID-kodene som du fekk frå skatteetaten for å registrere deg. Har du mista dei, kan du bestille nye på <https://brukerprofil.difi.no/orderpincode/>
- Registrer deg som brukar. Lag ditt eige passord og registrer mobilnummeret og e-postadressa di.
- Du kan nå søkje. Trykk på «Søknad og skjema om stipend og lån,» Prosessen er sjølvinstruerande. For å få utbetalt pengane må du:
- Eige ein bankkonto
- Signera avtalen om støtte digitalt før pengane blir utbetalt. Om du er under 18 år, må føresette signera for deg. Er du over 18 år gjer du det sjølv.

Søknadane skal bekreftast av skolen. På grunn av ferieavvikling er det difor viktig at du søker så tidleg som mogleg, dersom du ønskjer å få pengane ved skolestart.

10. SKOLEBEVIS

Alle får nøkkelkort som òg gjeld som skolebevis. Dersom nokon treng eit bevis for reisa hit til skolestart, kan dei ta kontakt med skolen på førehand.

11. HELSEOPPLYSNINGAR – TILBAKEMELDINGSSKJEMA

Vi bed om **tilbakemelding på vedlagde skjema** dersom det er opplysningar skolen bør ha kjennskap til.

Vi har helsesjukepleiar ved skolen som elevane kan ta kontakt med.

12. INTERNATELEVAR – gjeld dei som skal bu i internata

For internatelevane, saman med foreldre/føresette, blir det eit infomøte kl. 1600 i møtesalen.

Du må ha med deg:

- sengetøy (dyne/pute + trekk m/skift)
- overmadrass (90 x 200 cm)
- vaskepulver til vask av klede og vaskemiddel (f.eks. Jif) til vask av eige rom og bad (skolen set ut vaskemiddel til alt anna på bøttekotta) + toalettpapir

Merk kleda og utstyret ditt godt før du kjem.

Du har tilgang til komfyr, men må halde kjøkkenutstyr sjølv. Det er lurt å ha med kopp, glas, tallerken, bestikk som du kan ha på rommet ditt.

Romma er utstyrte med seng (90 x 200), gardiner, arbeidspult/bokhylle, stol og bord. Du må gjerne ta med nokre personlege ting som kan skape heimehygge, som t.d. teppe, pynteting o.l. (Sjå reglement for internatet, § 3.)

Har du spesielle ønskje om internatplass, ber vi deg returnere vedlagde ark om **INTERNATØNSKJE**.

Vi kan ikkje love deg at førstevalet ditt blir oppfylt, men vi vil prøve så godt som mogeleg.

Etter oppussing og fornying av fleire internat, er det no svært mange einarom. Av Vg1-elevane må likevel ein del rekne med å bu på tomannsrom.

Skolen har låsbar garasje plass for internatelevane sine sykklar. Bruk elles oppstillingsplass.

Alle som skal bu i internatet, må underskrive og returnere vedlagde INTERNATKONTRAKT. Vi ber òg om at ein av dei føresette skriv under (obligatorisk om du er under 18 år).

13. SVAR

Vi bed deg om å fylle ut og returnere til oss så snart som mogleg (det som er aktuelt for deg):

1. HELSEOPPLYSNINGAR OM ELEVEN
2. INTERNATKONTRAKT (gjeld alle som skal bo i internatet)
3. INTERNATØNSKJE (send skjema sjølv om du har meldt ønsket ditt tidlegare)
4. IKT-AVTALE

Du kan sende dette via e-post til post@tryggheim.no (scann dokumenta) eller i vanleg post.

Nærbø, juni 2022

Gjermund Viste (sign.)
rektor